

**ALVER**

KOMMUNE

Miljø og tilsyn

Turid Halland  
Veråsvegen 255  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/8212 - 20/25235

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
05.05.2020

## Registrert avvik i septiktank - gbnr. 109/10

**Tiltak:** Avvik i septiktank  
**Byggjestad:** Gbnr: 109/10  
**Tiltakshavar:** Turid Halland

Alver kommune har den 16.04.2020 motteke melding frå NORVA24 AS om at det ved siste tømning den 07.04.2020 vart registrert at septiktanken på eigedommen din med adresse Veråsvegen 255, 5955 Lindås, hadde lågt nivå. Lågt nivå i tanken tyder på at det kan vere lekkasje frå tanken, og at den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje frå tanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensingslova § 7.

### **Tilstanden må utbetrast snarast. Frist for arbeidet vert sett til 02.06.2020.**

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggje deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilhøve, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetre ei avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggjarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføra arbeidet.

Når tilstanden er reparert må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no) eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

**Aktuelt regelverk:**

- Plikt til å unngå forureining følger av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

**Mottakarar:**

Turid Halland

Veråsvegen 255

5955

LINDÅS